

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/17	Formannskapet	PS	16.03.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FA - A10	15/217

### Barnehage på Kaland - Val av arbeidsgruppe for framtidig bruk

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap oppretter fylgjande arbeidsgruppe for å utgreia bruken av eksisterande barnehagebygg ved bygging av ny barnehage på Kaland:

1. Politikar
2. Politikar
3. 1 representant for avdeling teknisk drift
4. Rektor Kaland barne- og ungdomsskule
5. Tillitsvald
6. Avdelingsleiar plan, bygg og miljø ( sekretær)

Gruppa bør vera ferdig med sitt arbeid til detaljreguleringa i planområdet er formelt godkjent i kommunestyret.

#### Formannskapet - 024/17 - 16.03.2017

#### FS - behandling:

Framlegg frå Ap v/ Siri Kaland:

Saka vert utsett for å få ei nærare avklaring av mandatet til gruppa.

Framlegget frå Ap v/ Siri Kaland vart samrøystes vedteke.

#### FS vedtak:

Saka vert utsett for å få ei nærare avklaring av mandatet til gruppa.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Austrheim kommunestyre har i møte den 15.02.17, K-sak 8/17 gjort fylgjande vedtak:

1. Austrheim kommunestyre vedtek planoppstart til Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, braplanid 2017002.  
Grunngjevinga er at dette området skal regulerast før det kan setjast igang byggjetiltak her.  
Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-8.  
Kostnaden med planarbeidet opptil kr. 1.100.000,- vert dekkja frå post 32306 099 2211.-  
Barnehagebygg Kaland barnehage.
2. Austrheim kommunestyre tar utgangspunkt i **forprosjekt A** i det vidare planleggingsarbeidet med  
ny barnehage på Kaland. Grunngjevinga er at forprosjektet har vist at det er rimlegare å byggje og å  
drifta ein ny barnehage enn å rehabiliterer den eksisterande barnehagen og byggja på denne.  
Vidare  
arbeid med utgangspunkt i **forprosjekt A** vert starta opp etter at detaljreguleringa i planområdet  
er  
formelt godkjent i kommunestyret i Austrheim.  
Formannskapet får fullmakt til å oppretta ei arbeidsgruppe som skal utgreia bruken av  
eksisterande barnehagebygg framover.
3. Austrheim kommunestyre bed formannskapet som økonomiutval, å greie ut kostnadsramme og  
ulike finansieringsalternativ for bygging av ny barnehage på Kaland. Rapport må ligge føre til  
siste  
kommunestyremøte før sommaren den 22.06.17.

I Pkt 2 , 2. avsnitt står det som følgjer:

Formannskapet får fullmakt til å oppretta ei arbeidsgruppe som skal utgreia bruken av eksisterande barnehagebygg framover.

Arbeidsgruppa bør vera samansett som følgjer:

1. Politiker
2. Politiker
3. 1 representant for avdeling teknisk drift
4. Rektor Kaland barne- og ungdomsskule
5. Tillitsvald
6. Avdelingsleiar plan, bygg og miljø ( sekretær)

### **Vurdering**

Arbeidsgruppa som skal utgreia bruken av eksisterande barnehagebygg ved bygging av ny barnehage bør ha 6 medlemmer og gruppa bør vera ferdig med sitt arbeid til detaljreguleringa i planområdet er formelt godkjent i kommunestyret.

### **Konklusjon**

Eg rår til fylgjande:

Austrheim formannskap oppretter fylgjande arbeidsgruppe for å utgreia bruken av eksisterande barnehagebygg ved bygging av ny barnehage på Kaland:

1. Politiker
2. Politiker
3. 1 representant for avdeling teknisk drift
4. Rektor Kaland barne- og ungdomsskule
5. Tillitsvald

6. Avdelingsleiar plan, bygg og miljø ( sekretær)

Gruppa bør vera ferdig med sitt arbeid til detaljreguleringa i planområdet er formelt godkjent i kommunestyret.